



Endring nr. 2 av Fv229 Nautnes-Hellesøy  
Endring nr. 6 av Reguleringsplan Hellesøy Nord  
Endring nr. 2 av Sprengsneset hyttefelt

Planid 125920190010



07.07.2022


## Innhold

1.	Samandrag.....	2
2.	Nøkkellopplysningar .....	6
3.	Intensjonar og mål med endringa.....	6
4.	Planprosessen.....	8
5.	Gjeldande planar .....	8
6.	Skildring av planområdet.....	10
7.	Skildring av reguleringsendringa .....	14
8.	Konsekvensar av reguleringsendringa .....	15
9.	Varsel om oppstart og merknader til endringa.....	17
9.1	Merknader frå naboar .....	18

## 1. Samandrag

Endringa er endring av 3 reguleringsplanar. Endring nr. 2 av Fv229 Nautnes-Hellesøy, Endring nr. 6 av Reguleringsplan Hellesøy Nord og Endring nr. 2 av Sprengsneset hyttefelt. Endringa kjem som eit svar på motsegn frå Statens Vegvesen mot reguleringsplanen for sprengsneset 2. Motsegnet gjaldt sikt i kryss Sprengsnesvegen/Fv5278. Krysset vert difor trekt 15 meter vestover i høve gjeldande plan, og krysset får no sikt i samsvar med normen. I samråd med kommunen sin planavdeling har ein kome fram til at planendringa kan gjennomførast som ei forenkla prosess.

Endringane vil i liten grad påverke gjennomføringa av dei gjeldande planane, ikkje gå utover hovudrammene i planane, og heller ikkje råka ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Kommunen har difor vurdert at planendringa kan behandles gjennom forenkla prosess, administrativt. Jf. pbl. § 12-14, 3. ledd



Oversikt over heile planområdet for reguleringsendringa




## Vegen Sprengsneset og kryss mot Fv 5278

Dato: 15.06.2022


Målestokk: 1:7500

Koordinatsystem: UTM 32N




© 2022 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap


Oversikt over eksisterende reguleringsplaner



Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for Fv5278 (Fv229): Utsnitt reg.plan Hellesøy Nord



Detalj av ny kryssløysing



### Oppsummering av endringar:

1. Endringa er endring av 3 reguleringsplanar. Endring nr. 2 av Fv229 Nautnes-Hellesøy, Endring nr. 6 av Reguleringsplan Hellesøy Nord og Endring nr. 2 av Sprengsneset hyttefelt. Endringa kjem som eit svar på motsegn fra Statens Vegvesen mot reguleringsplanen for sprengsneset II. Motsegnet gjaldt sikt i kryss Sprengsnesvegen/Fv5278. Krysset vert difor trekt 15 meter vestover i høve gjeldande plan, og krysset får no sikt i samsvar med normen.
2. Frisiktszone er no utvida til 10 x 54 meter i ny plan og kjem ikkje i konflikt med eksisterande steingard på Gnr 209/2.
3. Tilkomstvegen til Gnr 209/85 er flytta lenger nordover og tilpassa stigningstilhøvet. Eksisterande avkjørsle frå Fv 5278 vert stengt og ny avkjørsle vert tilknytta fellesvegen Sprengsneset (f\_SKV2)
4. Kurvatur og vegbreidde på sekundærveg er tilpassa dimensjonerande køyrety vogntog
5. Det er lagt inn parallel gang- og sykkelveg på strekninga frå Fv5278 til avkjørsle Hellesøy Nord. I kryssområdet ligg den på austsida av køyrevegen, medan den ligg på vestsida på resten av strekninga. Her kan oppmerka gangfelt vurderast for sikker kryssing av køyrevegen o\_SKV2.
6. Vegstrekninga Fv5278 – Sprengsneset II vert regulert som privat veg. Slik vegen ligg no er den ikkje heilt i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Ved planrevisjon vert traseen justert til samsvar med eksisterande veg. Dimensjonerande fartsgrense vert 30 km/t. Endringa her er at vegen vert endra frå offentleg veg til privat fellesveg. Det er teke med to møteplassar, og nokre endringar i vertikaltraseen som ikkje er knytt opp til rekkefølgjekrav.

## 2. Nøkkellopplysningar

Kommune	Øygarden
Gårdsnr./Bruksnr.	Gnr. 209, bnr. 192 m.fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommunepl.)	125920090001 - Fv 229 Nautnes-Hellesøy 125920090003 - Hellesøy Nord 125919950002 – Sprengsneset hyttefelt 20140001 – Kommuneplan Øygarden (2014-2022) tidligere Øygarden
Forslagsstillar	Solås Eiendomsutvikling AS
Grunneigarar (gnr./bnr.)	209/192 og 193 209/51 209/224 209/2 og 9 209/152 209/5 209/243 209/88 209/91 209/276 209/85
Plankonsulent	Dig Plan AS
Hovudføremål med endringa	Regulere om krysset ved fylkesvegen, regulere gang-/sykkelveg på delar av vegen «Sprengsneset», samt å regulere heile vegstrekninga fram til hytteområdet meir i samsvar med eksisterande situasjon.
Storleik på planområdet i daa	12,3 daa
Talet på bustadeiningar i endringa	Ingen nye bustadeiningar i planendring
Aktuelle problemstillinger	Ingen spesielle
Utsendt varsel om reguleringsendering, dato	
Sendt til uttale (offentlege instansar) dato	

## 3. Intensjonar og mål med endringa

### 3.1 Kvalitetar som endringa bidreg med

I samband med detaljreguleringsplan for Sprengsneset 2 (PlanID: 125920140006), varsla Statens vegvesen motsegn til planforslaget. Statens Vegvesen skriv i sit brev av 21/1-2019: «Dagens avkøyrsle frå Fv. 229 stettar ikkje tekniske krav til utforming jfr. handbok N-100. I planframleggget som mellom anna legg til rette for etablering av inntil 110 fritidsbustadar, hamn med om lag 65 båtplassar samt industri og lager, har forslagstillar ikkje synleggjort korleis eit nytt kryss kan etablerast på staden.»

Det vart sendt inn eit framlegg til teknisk løysing av krysset mellom Sprengsnesvegen og Fv 229. I epost frå Vegvesenet datert 20/8-2019 heiter det: «Viser til oversending av plan og profiltegning den 25.06.2019. Har fått tilbakemelding fra vegplanlegger om at materiellet er gjennomgått. Tekniske tegninger er ok. Statens vegvesen har ingen merknader til kryssløsning slik den er vist.»

På dette grunnlaget, og i samråd med Øygarden Kommune er det no utarbeidd eit forslag til endring av reguleringsplanen «Fv229 Nautnes – Hellesøy», med planid 125920090001. Endringa erstattar også

delar av «Reguleringsplan Hellesøy Nord» med planid 125920090003, og delar av «Sprengsneset hyttefelt» med planid 125919950002. Dette gjeld vegstrekninga frå fylkesvegkrysset fram til plangrense for Sprengsneset 2, med planid 125920140006, som er under utarbeiding.

Vegen Sprengsneset var opphavelig regulert som ei offentleg veg. Kommunen har til no ikkje overteke den som ei kommunal veg. Med denne endringa vert vegen regulert til privat veg. Det vert teke inn rekkefølgekrav om oppjustering av kryss med Fv5278 i reguleringsplanen for Sprengsneset 2. Dette gjer det mogelig at motsegn frå Statens Vegvesen mot reguleringsplan for Sprengsneset 2 kan trekkast.

Planendringa skal legge til rette for den auka bruk av avkjørsel og vegstrekning som ei utbygging av «Detaljregulering for Sprengsneset 2» vil medføre.

### 3.2 Tidlegare vedtak og reguleringsendringar

Reguleringsplan Hellesøy Nord og Sprengsneset hyttefelt har tidlegare hatt felles regulert veg og vore del av felles reguleringsplan. Det har seinare vore gjennomført fleire endringar i Reguleringsplan Hellesøy Nord. I KS-sak 20/11 fekk Hellesøy Nord nytt plankart (sosi), som skal ha innarbeidd endringane. Vegen Sprengsneset er difor delvis regulert gjennom Sprengsneset hyttefelt og delvis gjennom Reguleringsplan Hellesøy Nord. Reguleringsplan Hellesøy Nord følger den bygde vegen, medan for Sprengsneset hyttefelt er det avvik mellom den bygde vegen og den regulerte vegen. Det har også oppstått mellrom/glipe mellom dei to planane, slik at heile vegstrekninga ikkje er dekt av plan. Sjå kartutsnitt



I UDS-sak 95/19 vart det fatta vedtak om ny, avgrensa høyring i sak om Detaljregulering for Sprengsneset 2, planID 125920140006. Eit av vedtakspunkta omhandla vidare dialog med Statens vegvesen for å finne løysing å motsegn mot planforslaget. Det har gjeve grunnlag for prosessen med denne endringa.

## 4. Planprosessen

### 4.1 Oppstartsmøte

Det var i 2019 ei rekke møter mellom forslagsstilla, hans plankonsulenter og tidlegare Øygarden Kommune i samband med at Statens Vegvesen hadde motsegn til plamforslaget for Sprengsneset 2. Det vart i eit av møta semje om at motsegn kunne løysast gjennom ei reguleringsendring av Fv229 Nautnes – Hellesøy, heller enn å gjere kryssset til ein del av detaljregulering for Sprengsneset 2.

### 4.2 Undervegsmøte

Det vart helde eit undervegsmøte mellom forslagsstilla, plankonsulentane og planavdelinga i Øygarden kommune den 22/4-2022. I møtet vart det avklart plangrense for endringa. Det vart også avklart at endringa vert behandla gjennom forenkla prosess, jf. plan- og bygningslova § 12-14, då planendringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av gjeldande planar, den vi ikkje gå utover hovudrammene i gjeldande planar, og vil heller ikkje råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Den omsøkte endringa vert sendt på uttale til dei offentlege høyringsinstansane, og dei naboar/grunneigarar som vert råka av endringa. Endringa vert i tillegg varsla i Vestnytt. Frist for å kome med uttale/merknad til planendringa er sett til tre veker frå varslinga er motteken. Etter at frist for å kome med merknad/uttale er gått ut, vert dei innkomne merknadene/uttalene sendt til kommunen saman med forslagsstilla/plankonsulenten si oppsummering av desse og deira kommentarer til merknadane/uttalene. Saka vert deretter behandla i kommunen.

## 5. Gjeldande planar

- 125920140001 – Kommuneplan Øygarden (2014-2022) vedteken 18/6-2014 (tidl Øygarden).

Området er vist med føremål bustad og fritidsbustad neverande med dtaljeringszone 910. For trafikkområdet er det detaljeringssone 910: Reguleringsplan skal fortsatt gjelde.

- 125920090001 – Fv 229 Nautnes – Hellesøy ikrafttreden 23/9-2009


Planen er utarbeidd med planframstilling etter føremåls- og kartregler for Plan- og bygningslova av 1985. Området er vist som offentleg trafikkområde med køyreveg, anna veggrunn og gang-/sykkelveg. Ny avkjørsle til Gbnr.209/85 er vist som spesialområde privat veg og Sprengsnesvegen er vist som felles køyreveg. Ellers er det vist parallel gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og annan veggrunn.



Figur 1, Utsnitt fra opphavelig reguleringsplan for Fv 229

- 125920090003 – Hellesøy Nord ikrafttreden 13/4-2011

Planen gjeld eit bustadområde med småbåthamn nord for krysset med fylkesvegen. Tilkomstvegen til bustadområdet går fram til avkøyrslle til Fv5278.




Figur 1, Utsnitt fra reguleringsplan for Hellesøy Nord

- 125919950002 – Reguleringsplan Sprengneset hyttefelt ikrafttreden 24/4-2002



Figur 2, Utsnitt fra reguleringsplan for Sprengneset I



## 5.1 Tidlegare reguleringsendringer

Sjå pkt 3.2

## 6. Skildring av planområdet

### 6.1 Planområdet

Planområdet ligg i lengst nord i Øygarden rett nord for Hellesundkanalen. Området har vore eit område med spredt bustadbygging med nokre naust i strandkanten og driftsbygningar frå tidlegare jordbruk.



Ortofoto av hele planområdet (Kjelde Ambita AS)



Ortofoto av kryss-området ved Fv229 (Kjelde: Ambita AS)



Ortofoto av området ved Hellesøy Nord (Kjelde: Ambita AS)



Ortofoto av eksisterende vegtrase fram til Sprengsneset hyttefelt (Kjelde: Ambita AS)

## 6.2 Arealbruk eksisterande

Avkørsle på Fv 229 vert nytta som adkomst både til bustadområdet Hellesøy Nord og til eksisterande hyrreområder på Sprengsneset.



Eksisterande avkørsle på Fv229

### Eksisterande situasjon Fv 5278

Frå Nautnes og sørover har Fv 5278 en standard som tofeltsveg med gul midstripe og parallel gang- og sykkelveg fram til kommunedels-senteret på Tjeldstø. Nord for Nautnes er vegen ein einfeltsveg utan gangveg. Ved Hjelme kyrkje er det nokre hundre meter med gangveg, og frå kyrkja og ca. 1 km sørover pågår arbeid med ei utviding av fylkesvegen. Ved Sundekylpa fram til krysset med Sprengsnesvegen har vegen krappe horisontalkurvar med dårlig vertikalkurvatur og sikt.

### Eksisterande situasjon Sprengsnesvegen

Sprengsnesvegen var i sin tid regulert som ein offentleg veg, men den er opparbeidd i privat regi, og er ikkje overtatt av kommunen. Den ligg som ein einfeltsveg med breidde ca 3,5 meter frå skulder til skulder, og har fleire møteplassar på strekninga. Vegstandarden er stort sett i samsvar ved tidligare vegklasse A1, adkomstveger i bustadområde, fartsgrense 30 km/h med min. horisontalkurve på 30 meter, min. høgbrekskskurve på 300 m, min. lavbrekskskurve på 150 m og møtesikt på 50 meter. Maksimal stigning er på nokre områder noe over maksgrensa på 8%.

### **Eksisterande situasjon for gåande**

I gjeldande reguleringsplan for fylkesvegen er det lagt inn parallel gang- og sykkelveg, men den er førebels ikkje etablert. Vegen Sprengsneset er bygd utan fortau eller parallel gangveg. Det er få målpunkt for gåande og syklande for busettarar i hytteområda på Sprengsneset. Hamna lengst nordvest på Hellesøy, med mellom anna omsorgsbustader og busshaldeplass kan vere eit naturleg målpunkt. Også leikeområdet ved bustadområdet i Hellesøy Nord, og turområde kan vere eit aktuelt målpunkt her. Nærbutikken er lagt ned, og der eksisterar ikkje skular eller andre idrettsarenaer i nærområdet. Sprengsnesvegen har låg standard med dårleg vertikalkurvatur og sikt, og ein kan difor anta at fartsnivået her er under 30 km/h med ein relativ låg ÅDT. Eit alternativ for gåande og syklande frå fylkesvegen fram til Sprengsneset er den gamle vegen kalt «Sætramyra». Den har ei breidde på ca. 3 meter og har førebels ikkje fast vegdekke, men vert nytta som tilkomst til bustad av nokre få husstander lengst sør.



Eksisterande avkørsle Hellesøy Nord

### *6.3 Status for området i høve gjeldande plan*

Krysset Fv5278/Sprengsneset er berre delvis bygd ut i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Sikt er ikkje i samsvar med reguleringsplan og Handbok N-100. Vertikalkurvaturen er ikkje i samsvar med Handbok N-100. Vegen Sprengsneset frå krysset med Fv5278 til Hellesøy Nord er bygd og vert nytta i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Frå avkørsle Hellesøy Nord til Sprengsneset hyttefelt er ikkje vegen bygd heilt i samsvar med reguleringsplanen. Sjå meir om status her under pkt. 6.2.

## *7. Skildring av reguleringsendringa*

### *7.1 Følgjande endringar er innarbeidd i plankartet:*

1. den ligg på vestsida på resten av strekkninga. Her kan oppmerka gangfelt vurderast for sikker kryssing Endringa er endring av 3 reguleringsplanar. Endring nr. 2 av Fv229 Nautnes-

- Hellesøy, Endring nr. 6 av Reguleringsplan Hellesøy Nord og Endring nr. 2 av Sprengsneset hyttefelt. Endringa kjem som eit svar på motsegn frå Statens Vegvesen mot reguleringsplanen for sprengsneset II. Motsegnet gjaldt sikt i kryss Sprengsnesvegen/Fv5278. Krysset vert difor trekt 15 meter vestover i høve gjeldande plan, og krysset får no sikt i samsvar med normen.
2. Frisiktsone er no utvida til 10 x 54 meter i ny plan og kjem ikkje i konflikt med eksisterande steingard på Gnr 209/2.
  3. Tilkomstvegen til Gnr 209/85 er flytta lenger nordover og tilpassa stigningstilhøvet. Eksisterande avkjørsle frå Fv 5278 vert stengt og ny avkjørsle vert tilknytta fellesvegen Sprengsneset (f\_SKV2)
  4. Kurvatur og vegbreidde på sekundærveg er tilpassa dimensjonerande køyrety vogntog
  5. Det er lagt inn parallel gang- og sykkelveg på strekninga frå Fv5278 til avkjørsle Hellesøy Nord. I kryssområdet ligg den på austsida av køyrevegen, medan av køyrevegen o\_SKV2.
  6. Vegstrekninga Fv5278 – Sprengsneset II vert regulert som privat veg. Slik vegen ligg no er den ikkje heilt i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Ved planrevisjon vert traseen justert til samsvar med eksisterande veg. Dimensjonerande fartsgrense vert 30 km/t. Endringa her er at vegen vert endra frå offentleg veg til privat fellesveg. Det er teke med to møteplassar, og nokre endringar i vertikaltraseen som ikkje er knytt opp til rekkefølgjekrav

## *7.2 Følgjande endringar er innarbeidd i føresegnene:*

Det er laga nye føresegner som berre gjeld for denne reguleringsendringa

## *7.3 Vurdering av endringa*

### **Generelt**

Endringa medfører meir kurvar i samband med kryss enn gjeldande plan. Likevel vert kryssområdet meir oversiktleg, og kurvar kan bidra til redusert fart i krysset. Det er positivt at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar vert betre med denne endringa.

### **Sikt**

Sikten i kryssområdet vert i samsvar med Handbok N-100, og den kan etablerast utan å gjere noko med eksisterande steingard på bruk 2. Ved å flytte krysset mellom Fv 5278 og vegen Sprengsneset vert sikttihøva i krysset i samsvar med krava i Statens vegvesen si handbok N-100. Det vert ikkje trong for å gjera noko med terrenget og eksisterande steingard på gbnr 209/2 for å få tilfredsstillande sikt i krysset Fv5278/Sprengsneset og gjennom reguleringsendringa.

### **Geometri**

Dimensjonerande køyrety er vogntog. Dette er naudsynt, då nye fritidshus ofte vert levert som element-bygg på store vogntog. Vegbreidder og radius i kurvar er no dimensjonert etter dette. Dråpeøy i kryss vert difor ikkje tilrådd. Dette kan verte eit unødig hinder for store køyrety.

## **8. Konsekvensar av reguleringsendringa**

Ei utgreiing av konsekvensane av reguleringsendringa er gjort under pkt 7.3.

- Planen er utforma som sjølvstendig plan utforma etter ny pbl og ny kart- og planforskrift, med eigen planID (125920190010).

- Delar av plan for Sprengsneset I (125919950002), Hellesøy Nord (125920090003) og Fv 229 Nautnes-Hellesøy (125920090001) vert oppheva.

### *8.1 Barn og unge sine interesser*

Planendringa medfører inga inngrep i areal som vert nytta av barn og unge som leikeareal. Trafikktryggleiken vert vesentlege betre.

### *8.2 Terreng og landskap*

Planendringa medfører inga vesentlege konsekvensar for terreng og landskap.

### *8.3 Folkehelse og friluftsliv*

Planendringa vil ikkje råke viktige naturområde eller friluftsområde.

### *8.4 Kulturminne*

Det er ikkje registrert kulturminne i planområdet. Det er heller ikkje registrert verna arter i området.

### *8.5 Naturresursar og naturmangfaldslova*

Vurdering av tiltak etter Naturmangfoldsloven §§ 8-10

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) av 19. juni 2009 fastset mål for ivaretaking av naturtypar og artar. Denne lova omhandler sentrale prinsipp om kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsippar som skal leggjas til grunn også for arealplanlegging etter anna lovverk. Det må difor som ein del av planarbeidet gjerast ei utgreiing for korleis dei miljørettslege prinsippa for offentleg beslutningstaking i §§ 8-12 i naturmangfaldlova er vurdert og fulgt opp. Under følger ei vurdering av dei enkelte paragrafane.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget bygger på tidligere registreringer i området. I nettressursen Skog og Landskap er området ei blanding av annet markslag og bygd areal. Registreringer i Artsdatabankens Naturbase er undersøkt, og det er ikkje funnet observasjoner av korkje rødlistearter eller kulturminne.

#### § 9 føre var prinsippet

Paragraf 9 i naturmangfoldslova gev uttrykk for føre var prinsippet. Der det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om mogelege verknader eit vedtak kan ha for naturmiljøet skal det tas sikte på å unngå mogeleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Vidare følgjer det av føresegne at mangel på kunnskap ikkje skal nyttas som grunngjeving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningsvedtak. Dette prinsippet kjem til bruk når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap til å vite kva tyding av verdi vedtaket vil kunne ha for naturmangfaldet. Naturvurderinga er her gjort med utgangspunkt i eksistarende data, hentet fra nasjonale databaser. Den eksisterande kunnskapen over naturtilhøva i planområdet vert vurdert som tilfredsstillande. Planområdet er vidare lite og planforslaget er ein mindre endring av ein alt godkjent reguleringsplan. Det er etter dette ingenting som tyder på at ein realisering av planforslaget vil kunne medføre vesentleg skade på naturmangfaldet. Det vil difor ikkje vere naudsynt med ei nærmare vurdering av vilkårene i naturmangfadslova §§ 10-12.

### *8.6 Trafikktryggleik*

Reguleringsendringa medfører ei betydeleg endring i trafikktryggleiken ved at sikt vert endra og det vert etablert ei parallel gangveg på første strekning av Sprengsneset.

Handbok N-100 seier følgjande:

«Gang/sykkelveg bør bygges hvis ÅDT er over 1000 og hvis potensiale for gående og syklende er over 50 i et normaldøgn, eller hvis strekningen er skoleveg. 1,5 m skulder på begge sider kan vurderes der gang/sykkelveg er vanskelig å få til, men anbefales ikke på strekning definert som skoleveg.»

Der er få konkrete målpunkt som nærbutikk og skule i nærområdet. Med ein ÅDT på under 500 er det ikkje krav om gang/sykkelveg på denne strekninga. Det er ikkje regulert inn gang-/sykkelveg langs denne delen av strekninga, men fartsgrense vert 30 km/t. Det kan etablerast nokre fartsreduserande tiltak på strekninga dersom fartsnivået krev dette. Møteplassar skal utbetraast der det er trong for dette.

Deter ikkje regulert inn gang- og sykkelveg for den nordlegaste delen av Sprengsneset-vegen, men det er lagt til grunn at fartsgrensa her vert 30 km/t. Det kan i tillegg etablerast fartsreduserande tiltak på strekninga dersom fartsnivået krev dette. Planendringa regulerer inn to møteplassar langs vegen fram til Sprengsneset hyttefelt. Den eksisterande køyrbare ganvegen «Sætremyra» kan nyttast for gåande og syklende som eit alternativ til å nytte Sprengsneset.

## 9. Varsel om endring og merknader til endringa

Varsel om reguleringssending vert sendt til naboar direkte ved brev og varsla i Vestnytt. Vestland fylkeskommune, Statens Vegvesen og Statsforvaltaren i Vestland får planendringa til uttale.

Følgjande eigedomar er varsla i brev:

Eigedom gnr. /bnr.
209/192 og 193
209/51
209/224
209/2
209/2
209/2
209/2
209/9
209/9
209/9
209/9
209/9
209/9
209/9
209/9
209/9
209/152
209/4
209/243
209/88
209/88
209/88
209/91
209/276
209/276
209/85
209/5

209/55
209/62
209/67
209/103
209/179
209/189
209/199

### 9.1 Merknader frå naboar

FORSLAG